

Spennande mor-son-duell.



Jarand imponerte med å ballansere på lina i 11,28 s.

Under Sommarfesten på skulen i ettermiddag var det mange kjekke aktivitetar både for born og vaksne. Ein av desse var balansering på line som heldt til på plenen bort mot grusbanen. Mange gjekk i bakken med same dei kom oppå lina. Det hadde garantert skjedd med underteikna! Nokre viste meistertakter, og i den samanhengen utspant det seg ein interessann duell mellom ei mor og eldste son hennar.

Jarand Eide hadde vist suverene takter, og han vart derfor fotografert med tanke på det som ein trudde var sigersbilde. Såpass suveren var han!

I det fotograferinga var ferdig, vart mor Linda J. Eide utfordra til å ta opp kampen mot den flinke sonen. Litt motvillig tok ho eit forsøk. Det gamle langrennstalentet imponerte stort. Ho viste at balansekunsten framleis var intakt og slo sonen med ca. 4 sekund.

Men junior gav seg ikkje så lett! Han kjøpte med ein gang 4 nye forsøk. Imponerte nok ein gang som balansekunstnar, men var kvar gong ca. 5 sekund bak mora. Silje Soldal tok tida med nøyaktig presisjon.

Då underteikna forlet området, var mora framleis vinnaren, og eg vil no tru at Linda var så taktisk og konsekvent at Jarand ikkje fekk masa seg til pengar til fleire omgangar!

Flinke var dei begge to, og duellen var med og skapte god stemning!

Av Thor Inge Døssland.



Mor Linda J. Eide slo til med heile 15,91 s på lina!